

Årsmelding for Etne Sogelag 2022

Etter mest 3 år med koronapandemi kom dagen me lenge hadde venta på, 12.02.2022. Dei fleste reglane mot korona vart fjerna, og det var ikkje lenger naudsynt å halda avstand til kvarandre.

Årsmøtet 2022 vart halde tysdag 29. mars i kafeen på Skakke. Rundt dei vårlege og fint pynta borda samla 39 sogelagsmedlemer seg.

- Innkalling og sakliste vart godkjende.
- Val av møteleiar: Aslaug Mala. Skrivar: Anne - Britt Grindheim.
- Val av to personar til å skriva under møteboka: Martin Dyrseth og Oddvar Moe.
- Referat frå årsmøte og årsmelding 2021 vart godkjende utan meknader.
- Rekneskapet gjekk Ole Mæhle gjennom. Det vart godkjent med ein merknad frå Karsten Lunde som sakna ei oversikt over eignelutene til laget dvs. lagerbeholdning av bøker, nokre måleri og andre gjenstandar. Det finst ei slik liste, men den var ikkje tatt med til årsmøtet. Det er ynskjeleg å ha den med som ein del av årsrekneskapet med eventuelle årlege justeringar.
- Inger Klokkestuen minna om at det er mange interessante bøker etter Olav Vik som burde vore tatt fram.
- Valnemda ved Einride Aakra la fram framlegg til styre og desse nemdene: skriftstyre, postvegvarsjen, Tongahuset, Olav Vik stiftinga og Norsk Motormuseum som alle vart godkjende. Valnemda: Einride Aakra på val 2024 og Ole Ragnar Gundegjerde 2023.

Orientering frå styret:

Parkeringsplassen til Sæbøtunet: Edvar Tjelmeland som eig området er positiv til sal eller leigeavtale. Kommunen med Erik Kvalheim formidlar at alt ligg til rettes for parkering. Det står nå på løyve frå Statens vegvesen om om avkøyrsløp frå E 134.

Solveig Sørheim er tilsett i 20% stilling i Sunnhordland Museum - Sæbøtunet.

Liv Tesdal Mjelde orienterte frå arbeidet med prosjektet "Ska sei'" i regi av Karmsund Mållag, Haugaland Museum og Universitetet i Stavanger. Saman med Steinar Aalvik har ho intervjuar personar frå Etne kommune. Personar frå kommunane som er med i Karmsund Mållag vart intervjuar, menn /kvinner over 60 og elevar frå ungdomsskulane på Enge og Skånevik. 140 informantar er intervjuar på lydband som er lagra på Haugaland Museum, studentar som skal ta bachelor eller mastergrad skal kunna bruka intervjuar.

Fylkesarkivet i Vestland avd Leikanger, har som prosjekt å digitalisera gamle bilete. Dag Silde orienterte om arbeidet med fotoarkivet til Willum Ekrheim. Nær 1300 bilete er skanna så langt. Kvar tysdag kl 10 - 12 møtes dei som vil bidra.

Aslaug og Ole informerte om skilting attmed kyrkjene i Etne. Sogelagsstyret ber kyrkjekontoret om å skaffa nye og leselege skilt. Nye skilt som viser veg til Tongahuset ved Groadalen på Auastad er ei styresak for Tongahuset.

Anne - Britt etterlyste informasjon om det frivillige brannvesenet som var stasjonert på Håfoss og på Esso ved Etnesjøen . Ho formidla og at Harald Fjøsne (91) gav ut bok tidlegare i år, boka var til sals på Kulturnatt i Etne 2022. Aslaug orienterte om sogelagsturen til hausten: busstur til Sunnhordland museum på Leirvik, kisgruvane på Stord og måltid på Fitjar hotell.

Landhandlar og tidlegare ordførar Larseman Lundal frå Markhus i Åkrafjorden kåserte om historiske hendingar og utviklinga langs aust- og vestsida av fjorden med alvor og skjemt. Han starta i 1942, det året han vart fødd, og tyskarane bygde Åkrafjordvegen ferdig. Han følgde utviklinga heilt fram til i dag, med den eventyrlige veksten i desse bygdene med storutbygging ved Langfoss til alt som er og vil koma på Fjæra.

Eit innhaldsrikt og godt årsmøte der gode smørbrød og lun eplekake med kaffi fekk fram den gode drøsen ved bordet. Kvelden vart avslutta med eit tradisjonelt loddal.

Årsmøte i Hordaland sogelag:

26. - 27. mars 2022 var det årsmøte i Granvin, Ulvik og Eidfjord. Astrid T. og Ståle Sørheim var utsendingar frå Etne. Ein møttest på det gamle grendahuset, Trudvang, i Granvin og åt lunsj på Jaunsen Gjestgjevargard like ved. Vitja så Olav H. Haugesenteret i Ulvik, og sjølv årsmøtet med årsmøtesaker var på Eidfjord hotell. Det var rundt 30 deltakarar frå oml. 15 lokallag og 6 frå hovudstyret i Hordaland sogelag.

Arrangement:

Sunnhordland museum og Etne sogelag hadde jonsokfeiring 23.06. på Sæbøtunet, rundt 100 personar med stort og smått. Folk kosa seg med grilling, leikar, god musikk, kaffi, lappar og ikkje minst god drøs med kjensfolk. Kjekt å sjå alle borna som sprang rundt og leika i lag.

Tur til Stord: Første stopp var gruvemusemet på Litlabø, der det først var orientering om gruvedrifta frå 1865 til 1968. Etterpå vart ein frakta eit stykke inn i gruva med det restaurerte lokomotivet "Geito".

På Sunnhordland museum såg ein utstillinga "Det starta med silda" som viste kva sildafisket hadde betydd for næringslivet. Johanne Øvstebø Tvedten hadde ei dramatisert framsyning over temaet: "Norske kvinner - tyske soldatar", ei vandreutstilling laga av Oslo museum. Det vart og servert kaffi og ein matbit.

På Fitjar hotell vart det servert middag før det var tur i området med vindturbinar. Sjefen på Fitjar kraftlag var med og orienterte. Turen heimover gjekk på vestsida av Stordøya. 48 personar deltok.

Etne sogelag hadde stand på Etne marknaden 5. - 7. august med utstilling av gamle bilete frå Etne. Standen var godt besøkt alle marknadsdagane.

Sogelaget hadde stand på Bondemarknaden ved Etne senter 1.okt. Sogelaget var og med på julemessi i Etne 26. nov. og i Skånevik 3. des. Det var sal av årboka 2022, stølsboka og andre bøker som sogelaget har.

På grautfesten 12. des. var det om lag 30 frammøtte. Dag Silde orienterte om arbeidet med årboka. Vidar Børretzen hadde eit interessant innlegg om laksefiske i Etnefjorden i tidlegare tider. Det vart servert graut med kake og kaffi etterpå. Kvelden blei avslutta med lynlotteri.

Styret i Etne sogelag 2022

Aslaug Olden Mala, leiar

Jakob Eskeland, nestleiar

Ole Mæhle, kasserar

Magnhild Hovin, sekretær

Tore Harboe, styremedlem, vart sjuk i mars og døydde i august

Astrid Trå Sørheim, 1.vararepresentant, kom inn som fast medlem av styret etter Tore

Det har vore 4 styremøte til saman i 2022

Ref.

Magnhild Halsnes Hovin

Etne sogelag

Årsrapport 2022

JAKOB ESKELAND 
 Teater, 5590 ETNE
 Org.nr. 969 142 112 MVA

Resultat

Konto	2022	2021
Inntekter		
Salgsinntekter		
3000 Annonseinntekter	21 200,00	24 450,00
3040 Salg årbok	47 048,00	43 260,00
3041 Salg bøker	17 048,12	15 478,00
<i>Sum Salgsinntekter</i>	<i>85 296,12</i>	<i>83 188,00</i>
Medlemsinntekter		
3200 Medlemskontingent	44 750,00	30 700,00
Tilskudd		
3410 Tilskudd	25 000,00	31 435,00
3443 Momskompensasjon	0,00	26 449,00
<i>Sum Tilskudd</i>	<i>25 000,00</i>	<i>57 884,00</i>
Andre inntekter		
3850 Arrangement inntekter	60 738,98	3 100,00
Finansinntekter/Kostnader		
8040 Renteinntekter	819,00	71,00
Sum Inntekter	216 604,10	174 943,00
Kostnader		
Annen driftskostnad		
6010 Annonseutgift	10 407,00	5 324,00
6060 Arrangement	68 859,00	11 390,00
6100 Kontingent organisasjon	5 828,00	5 580,00
6210 Husleie	7 891,00	7 678,00
6810 IT kostnader	3 762,25	4 524,50
6840 Aviser, tidsskrifter, bøker mv.	82 755,00	75 156,25
6940 Porto	3 460,60	4 159,90
7500 Forsikring	2 913,00	2 734,00
7770 Bank- og kortgebyr	241,97	0,00
7790 Andre kostnader	66 958,50	17 466,00
<i>Sum Annen driftskostnad</i>	<i>253 076,32</i>	<i>134 012,65</i>
Sum Kostnader	253 076,32	134 012,65
Årets underskudd	-36 472,22	40 930,35

Balanse

Konto	2022	2021
Eiendeler		
Fordringer		
1510 Kundefordringer	0,00	0,00
Bankinnskudd/Kontanter		
1920 Etne Sparebank Brukskonto	160 421,29	214 957,51
1925 Etne Sparebank Museumskonto	23 222,18	23 153,18
1930 Etne Sparebank Høgrente	173 734,75	72 984,75
Sum Bankinnskudd/Kontanter	357 378,22	311 095,44
Sum Eiendeler	357 378,22	311 095,44
Gjeld		
Kortsiktig gjeld		
2400 Leverandørgjeld	82 755,00	0,00
Sum Gjeld	82 755,00	0,00
Kapital		
Opptjent egenkapital		
2050 Annen egenkapital	274 623,22	311 095,44
Sum Kapital	274 623,22	311 095,44
Sum egenkapital og gjeld	357 378,22	311 095,44

ETNE SOGELAG
OVERSIKT OVER EIGA 31.12.22

Innbo og lausøyra	10.000
Maleri	8.000
Tongahuset	50.000
Lager - årbøker	110.000
Andre bøker	20.000
Bokreolar	12.000
Fagbøker	3.000
Bøker Olav Vik	10.000
Bøker Trygve Vinje	10.000
Røyster som tagnar	5.000
Åkle	12.000
Stølsbøker	45.000
Til saman	295.000